# Årsrapport 2012
# Hardangervidda Fjelloppsyn

## FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjellova og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettigheitshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt anvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndigheitene.

**Harangervidda Fjelloppsyn**
Fjellstyra på Hardangervidda as (FH)
Hovudkontor,
Pb 562, 5703 VOSS
Tlf: 90213630
E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no
Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

# Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2012.

Fjelloppsynet har ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4,1 årsverk i 2012

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av Stiftelsen Unifob, Universitetet for Miljø og Biovitenskap og Norsk Institutt for naturforvaltning. Hardangervidda Grunneigarsamskipnad er medeigar i Hardangervidda Fjelloppsyn. Fjelloppsynet har etter avtale med grunneigerar utført oppsyn med private fiskerettar i 2012.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Frå 2012 er Hardangervidda Fjelloppsyn ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as.

Me vil takke oppragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Mars 2013

Georg Gjøstein /s/
Dagleg leiar

## Innhald


**1. Oppsynsarbeid ... 5**
1.1 Jakt ... 5
1.2 Fiske ... 5
1.3 Motorferdsel ... 5
1.4 Reaksjonsstatistikk ... 6
1.5 Sårbare artar ... 6
1.6 Kulturminner ... 6
1.7 Naturvernområder ... 6
**2. Fjellredningsarbeid ... 7**
**3. Informasjonsarbeid ... 7**
3.1 Generelt ... 7
3.2 Informasjonssentral på Haukeliseter og Tinnhølen ... 7
3.3 Røldalsmarknaden ... 7
3.4 Heimeside ... 7
**4. Rekrutteringsarbeid ... 8**
4.1 Generelt ... 8
4.2 Særskilde arrangement ... 8
**5. Registreringsarbeid ... 8**
5.1 Registrering av villrein – Rv 7 ... 8
5.2 Registrering av dykkender ... 8
5.3 Registrering på fjellrevhi ... 8
5.4 Tilsyns med foringsautomatar for fjellrev ... 9
5.5 Registrering av kulturminner ... 9
5.6 Vatnprøver ... 9
5.7 Rovviltkontaktarbeid ... 9
5.8 Beitestudie ... 9
5.9 Snømålingar ... 9
5.10 Registreringar under villreinkalving ... 10
5.11 Registrering under fiske ... 10
**6. Skjøtselsarbeid ... 10**
6.1 Arbeid i tilknytning til verneområder ... 10
6.2 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra ... 11
**7. Sekretariat ... 11**
**8. Organisasjonen ... 11**
2.1 Generalforsamling ... 11
2.2 Styre og Fjelloppsynsutval ... 11
2.3 Tilsette ... 12
**Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra ... 13**
Arbeid for Eidfjord fjellstyre ... 13
Arbeid for Røldal fjellstyre ... 15
Arbeid for Ulvik fjellstyre ... 17
Arbeid for Ullensvang fjellstyre ... 19
Arbeid for Odda fjellstyre ... 21
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre ... 23
Arbeid for Rauland fjellstyre ... 25
**Vedlegg 2. Arbeid for medlemer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ... 27**
**Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn ... 27**

# 1. Oppsynsarbeid

## 1.1 Jakt

**Villreinjakt**
Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn deltok i det samordna villreinjaktoppsynet på Hardangervidda. Arbeidet føregjekk i samarbeid med politiet og Statens naturoppsyn. Oppsynet bisto med innsamling av kjøtprøver for måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta. Det er laga ein særskild rapport for villreinjaktoppsynet.



Fjelloppsyn i villreinfjellet. Foto: Sveinung H. Olsnes

**Småviltjakt**
Oppsyn med småviltjakt i 2012 føregjekk i stor grad i kombinasjon med oppsyn med villreinjakt i statsallmenningane. Det vart også utført særskilt oppsyn med småviltjakt i Rauland , Røldal, Øvre Numedal og Eidfjord. Det vart prioritert å drive oppsyn i grenseområda mot private eigendomar og sjå til at reglar om fredning av rype vart helde.

## 1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2012 var det sett av særskild tid til kontrollar i Eidfjord statsallmenning, Ulvik statsallmenning, Røldal statsalmenning og deler av Øvre Numedal statsallmenning. Det vart også helde oppsyn med private fiskerettar i Skaupsjøen.

## 1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2012 føregjekk i Vinje, Eidfjord, Ullensvang og Odda. Sommarstid er det gjennomført kontrollar på bilar/ATV og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

## 1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

| | Antall kontrollerte | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2012** | **2011** | **2010** | **2009** | **2008** | **2007** |
| Motorferdsel | **39** | 42 | 10 | 30 | 66 | 25 |
| Småviltjegerar | **9** | 2 | 7 | 15 | 10 | 10 |
| Villreinjegerar | **101** | 121 | 51 | 60 | 57 | 64 |
| Fiskerar | **53** | 21 | 10 | 26 | 22 | 48 |
| **SUM** | **202** | 207 | 78 | 131 | 155 | 147 |

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

| **Tema** | **Antall advarslar** | | | | | **Antall anmeldelsar** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2012** | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | **2012** | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
| Motorferdsel | | | | | 3 | **1*** | **3*** | | 4 | 9 |
| Småviltjegerar | | | | | 5 | | | | | |
| Storviltjegerar | **5** | **1** | 3 | | 1 | **1** | | 1 | 1 | **2** |
| Fiskerar | | | | 1 | 2 | | **2** | | | |
| Bandtvang | **2** | | 2 | | | | | | 1 | |
| **SUM** | **7** | **1** | 5 | 1 | 14 | **2** | **5** | 1 | 5 | 11 |

* Anmeldelsane er skrive av ordinære polititjenestemenn.

## 1.5 Sårbare artar

Fjelloppsynet har helde oppsyn med hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud og Telemark.

## 1.6 Kulturminner

Fjelloppsynet held generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

## 1.7 Naturvernområder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark samt tre landskapsvernområde.

Tabell 3. Naturvernområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2012

| **Vernområder i Telemark:** | **Kommuner** |
|---|---|
| *Hardangervidda nasjonalpark* | *Vinje og Tinn* |
| *Møsvatn Austfjell landskapsvernområde* | *Vinje/Tinn* |
| *Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde* | *Vinje/Hjartdal/Tinn* |
| **Verneområde i Hordaland** | **Kommuner** |
| *Hardangervidda nasjonalpark* | *Eidfjord, Ullensvang, Odda* |
| *Hallingskarvet nasjonalpark* | *Ulvik* |
| *Skaupsjøen-Hardangerjøkulen lanskapsvernomr.* | *Eidfjord og Ulvik* |
| *Aksnesholmane naturreservat* | *Kvam* |
| **Verneområder i Buskerud** | **Kommuner** |
| *Hardangervidda nasjonalpark* | *Hol, Nore og Uvdal* |
| *Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområ* | *Hol, Nore og Uvdal* |

# 2. Fjellredningsarbeid

Ein medarbeider i Fjelloppsynet bisto SNO, politiet og Røde kors i samband med fjellredningsarbeid. Arbeidet som vart utført var instruksjon under politiets vinterkurs på Songa og deltaking på ein redningsaksjon.

# 3. Informasjonsarbeid

## 3.1 Generelt

I kontakten med publikum er det ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon. Samla er det gjeve informasjon til om lag 960 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

## 3.2 Informasjonssentral på Haukeliseter og Tinnhølen

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet 2 dagar på Haukelister og 8 dagar på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og bruk av naturen vart delt ut.



Raudstilk på sentralvidda. Foto: Georg Gjøstein

## 3.3 Røldalsmarknaden

Fjelloppsynet deltok med informasjonsarbeid på Røldalsmarknaden.

## 3.4 Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as Det har vore artiklar og nyheiter frå Hardangervidda og den lokale forvaltninga.

# 4. Rekrutteringsarbeid

## 4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

## 4.2 Særskilde arrangement

Personell frå fjelloppsynet har vore med å arrangert villmarkshelg for ungdom i Isdalen i Eidfjord.

# 5. Registreringsarbeid

## 5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa data om villreinen sine bevegelsar i høve til Rv 7 i tråd men instruks frå Direktoratet for naturforvaltning. Villreinen vart lokalisert ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeilig frå Rv7 i bil, på ski og dels med snøscooter som framkomstmiddel. Det vart ikkje registrert villrein i nærområda til Rv7 vinteren 2012.




Lokalisering av radiomerka villrein.

## 5.2 Registrering av dykkender

Mannskap frå fjelloppsynet deltok under registrering av dykkender i nasjonalparken. Arbeidet føregjekk i Nore-og Uvdal og Eidfjord.

## 5.3 Registrering på fjellrevhi

Nokre fjellrevhi i Eidfjord vart det helde tilsyn med og skildring av hia vart ajourført i tråd med krava i den sentrale hidatabasen.

## 5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Fire foringsautomatar for fjellrev vart sett opp.  Det vart helde regelmessig tilsyn med desse. Det vart jamnleg etterfylt med for og helde viltkameraer på automatane i drift.



Foringsautomat for fjellrev. Foto: Harald N. Andersen.

## 5.5 Registrering av kulturminner

Eit omfattande arbeid med registrering av kulturminner i Hardangervidda nasjonalpark vart påbegynt i 2009. Dette arbeidet vart vidareført i 2012. Det vart gjort registreringar på særskilde kulturminner i Veigdalen i 2012.

## 5.6 Vatnprøver

Det er henta vassprøver på 5 lokalitetar i Krækjavassdraget.

## 5.7 Rovviltkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid  i  Ulvik i Hordaland og Vinje, Tokke og Kviteseid kommunar i Telemark.  Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid. Det også sendt inn skjema og sporlogg i samband med motorferdsel vinterstid som eit ledd i arbeidet med  registrering av jerv.

## 5.8  Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie i Hol.

## 5.9 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto NVE under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

### 5.10 Registreringar under villreinkalving

Fjelloppsynet deltok på registreringar under villreinkalvinga. Arbeidet føregjekk ved i Vinje kommune.

### 5.11 Registrering under fiske

Det vart gjort registreringar av omfanget av garnfisket i Tinnhølen og ender som bifangst.

# 6. Skjøtselsarbeid

## 6.1 Arbeid i tilknytning til verneområder

**Informasjonsplakatar, tavler og verneskilt**
Fjelloppsynet la heller ved informasjonstavla ved Skinnarbu. Informasjonstavlene ved Tinnhølen vart beisa. Det vart sett opp nytt nasjonalparkskilt ved Solheimstulen. Det vart bora ned nye skilt i nasjonalparken på sleper i Eidfjord og Nore og Uvdal og Ullensvang. Det vart sett ned ei rekkje skilt som markerar teltplassar under villreinjakta i Odda, Eidfjord og Ullensvang.

**Renovasjon**
Fjelloppsynet har transportert ut ei rekkje båtvrak og anna skrot frå nasjonalparken. Arbeidet skjedde dels med snøscooter og dels med helikopter.




Utflyging av båtvrak. Foto: Georg Gjøstein

**Rydding av vegetasjon**
Ein tilsett i fjelloppsynet deltok i arbeidet med å rydde vegetasjon i Aknesholmane naturreservat.

## 6.2 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt brannverntilsyn. Arbeidet er gjort nærare greie for i eigne vedlegg.




Fiskeutsetting i Tinnhølen. Foto: Hans- Jørgen Jahren

# 7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre- Sveinung H.Olsnes
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre – Trine Hilstad
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning- Trine Hilstad
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen

# 8. Organisasjonen

## 2.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2012 vart arrangert på Halne Fjellstova 22. juni.

## 2.2 Styre og Fjelloppsynsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardsrud tok over som styreleiar i 2012. Dei øvrige styremedlemene har vore Dorthe Huitfeldt, Bergfinn Kvalnes, Aslak Myrvang, Kjell Røkenes, Steinar Langesæter Ørjan Angell og Ellen Drangevåg. Fjelloppsynsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardsrud, Steinar Langesæter, Ellen Drangevåg og Bergfinn Kvalnes.

## 2.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i 2012 og ein midlertidig tilsett (tabell 4.) Trine Hilstad har vore tillitsvald og verneombud.

Tabell 4. Tilsette i 2012

| **Tilsett / kontorstad** | **Stillingstorleik** |
|---|---|
| Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss | 100 % |
| Trine Hilstad, Kinsarvik | 70,8% |
| Harald Normann Andersen | 70 % |
| Sveinung Hylland Olsnes, Vinje | 75 % |
| Hans- Jørgen Jahren, Rødberg | 70% |
| Helge Bitustøyl, Rauland | 25% |
| Sten-Rune Jensen, Uvdal | Midlertidig tilsett |

# Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra

## Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 360 timeverk for Eidfjord fjellstyre.

Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.




**Oppsyns- og informasjonsarbeid**
Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning føregjekk hovudsakleg ved Tinnhølen, Snero Langevatnet, Nordmannslågen, Lakjen, Drageidfjorden Svartavasstjørni og Svartavatnet. Kontroll av småviltjakt, herunder jaktforbud på ryper, vart utført i greneseområder mot private område i Bjoreidalen, i grenseområda mot Øvre Numedal statsallmenning på Skaupsjøtunga og i grenseområder ved Stigstuv og Ribbohæ. Det var også oppsyn i områda inn mot Svartavasstjørna og i nærområda til Rv 7. I tida villreinjakta føregjekk var det ved fleire perioder oppsyn i statsallmenningen. Oppsynsaktiviteten føregjekk i hovudsak i grensenæreområder mot Ullensvang statsallmenning og Øvre Numedal statsallmenning på sørsida av Nordmannslågvassdraget. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar 5 veker sommarstid.

**Generelt tilsyn og brannvernarbeid**
Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Det er gjort rutinemessig internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat og brannslokkingsapparat.
Båtane til fjellstyret er teke opp og lagt i vinteropplag.

**Transportar**
Det er transportert ved inn og søppel ut frå fleire av hyttene. Det er teke inn og montert søppelstativ for kjeldesortering av pantbare boksar/flasker og restavfall på hyttene.

**Ørekyteovervåkning og fiskekultivering.**
Det rotenonbehandla området ved Stigstuv vart overvåka med ørekyteruser. Det er drive utfisking av ørekyte i eit lite tjørn som drenerar til Hætjørn. Fjelloppsynet sette ut fisk i Tinnhølen.

# Tjenestekjøp 2012 Eidfjord

# Kostnader

## 1a. Refusjonsberettiga arbeid

| | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | 62,5 | | | |
| | Småviltjakt: | 53 | | | |
| | Anna: | 13 | | | |
| * | Villreinjakt: | 21,0 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 21 | **612 +mva** | **170,5** | **130433** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | 43,5 | | | |
| | Transportoppdrag: | 33,5 | | | |
| | Tilsyn-hytter: | 43 | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | 8 | | | |
| | Renovasjonsarb.: | 22 | | | |
| | Anna: | 10 | **612+mva** | **160,00** | **122400** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | 4 | | | |
| | Saksbehandling: | | | | |
| | Planarbeid: | | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 14,5 | **445+mva** | **18,5** | **10291** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 11 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | | **445+mva** | **11,00** | **6119** |
| | **Andre kostnader:** | | | | |
| | | | **SUM** | | **269242** |

## 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **0** | **0** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **330,5** | **29,5** | **269242** |

## 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **0** | **0** |
| | Totalkostnad Kr | | **269242** |

# Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **134621,0** |
| | Fjellstyret50% | **134621,0** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | Fjellstyret, 100% | |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | |

| | |
|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | **269242,0** |
| **Kostnad for fjellstyret** Kr | **134621,0** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Røldal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 151,5 timeverk for Røldal fjellstyre.

Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.




**Oppsyns- og informasjonsarbeid**

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i statsallmenningen i nærområda til E 134 samt i Hellevassområdet. Det er også helde oppsyn ved Steigavotna, Tangasjøen og Holmavatnet. Det er ført oppsyn med småviltjakt med prioritet på nærområda til veg og grensa mot Vinje kommune. Det vart også gjennomført kontrollar av villreinjegerar i Hellevassområdet dette året. Som ein del av Fjelloppsynet si informasjonstjeneste vart det utført informasjonsarbeid på Haukeliseter. Fjelloppsynet deltok med informasjon på Røldalsmarknaden.

# Tjenestekjøp 2012 Røldal

## Kostnader

### 1a. Refusjonsberettiga arbeid

| | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | 72,5 | | | |
| | Småviltjakt: | 20 | | | |
| * | Villreinjakt: | 12,5 | | | |
| | Røldalsmarknaden: | 18,5 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 13 | **612 +mva** | **136,5** | **104423** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | | | | |
| | Transportoppdrag: | | | | |
| | Tilsyn-hytter: | | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | | | | |
| | Renovasjonsarb.: | | | | |
| | Synfaring: | 1 | **612+mva** | **1,00** | **765** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | | | | |
| | Saksbehandling: | | | | |
| | Planarbeid: | | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 7,5 | **445+mva** | **7,5** | **4172** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 6,5 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | | **445+mva** | **6,50** | **3616** |
| | **Andre kostnader:** | | | | |
| | | | **SUM** | | **112975** |

### 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | | **0** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **137,5** | **14,0** | **112975** |

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **0** | **0** |
| | Totalkostnad Kr | | **112975** |

## Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **56487,5** |
| | Fjellstyret, 50% | **56487,5** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | Fjellstyret, 100% | |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | |
| | Totalfinansiering, inklusive refusjon | **112975,0** |
| **Kostnad for fjellstyret** | **Kr** | **56487,5** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 634,5 timeverk for Ulvik fjellstyre.

Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.




**Sekretariat**
Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

**Oppsyns- og informasjonsarbeid**
Det vart utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Særskild garnfiskekontroll føregjekk i Langavatnet. Det vart helde oppsyns med småviltjakt i områda Langavassdammen, Ålbogen,Ripsebu, Austdalen, Gjeranuten, Rundavatnet, Floskefonndalen og Søre Grøndalen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar på Osafjellet. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste to dagar i veka til saman 6 veker i juli og august. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen 5 av vekene og på Haukeliseter ei av vekene.

**Generelt tilsyn og brannvernarbeid**
Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingsapparat og brannvaslarar.

**Transportar**
Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene. Det er også transportert inn materialer m.m. i samband med bygningsarbeid på Finsebu og på hytta i Søre Grøndalen.

**Ombygging av hytter.**
På Finse vart det bygd ny do. I Søre Grøndalen vart den eine delen av hytta ombygd og innreidd med seng. Det vart også skifta glas. Memorgebu vart vaske ned.

# Tjenestekjøp 2012 Ulvik

## Kostnader

| 1a. Refusjonsberettiga arbeid | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | 9 | | | |
| | Småviltjakt: | 20 | | | |
| * | Villreinjakt: | 14,0 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 15 | **612 +mva** | **58,0** | **44370,0** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | | | | |
| | Transportoppdrag: | 101,5 | | | |
| | Tilsyn-hytter: | 11,5 | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | 158,5 | | | |
| | Renovasjonsarb.: | 5 | | | |
| | Synfaring og anna: | 8,5 | **612+mva** | **285,0** | **218025,0** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | 53 | | | |
| | Saksbehandling: | 25,0 | | | |
| | Planarbeid: | 14 | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 46,5 | **445+mva** | **138,5** | **77040,6** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 22,5 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | | **445+mva** | **22,5** | **12515,6** |
| | **Andre kostnader:** | | | | |
| | | | **SUM** | | **351951** |

### 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **130,5** | **72590,6** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **343,0** | **291,5** | **424542** |

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **0** | **0** |
| | Totalkostnad Kr | | **424542** |

## Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **175976** |
| | Fjellstyret, 50% | **175976** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | | |
| | Fjellstyret, 100% | **72591** |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | | **0** |

| | |
|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | **424542** |
| **Kostnad for fjellstyret** Kr | **248566** |

*Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 669 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Det er nytta mest tid til sekretariatet, transportoppdrag og villreinjaktoppsyn.

Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.




**Sekretariat**
Sekretærarbeidet er utført av Trine Hilstad.

**Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.**
Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Det er gjennomført synfaring med Statskog i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

**Tilsyn med hytter og brannvernarbeid m.m.**
Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. På Raudåni er det rydda vaska og beisa. Det er gjort ettersyn med brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingsapparat og brannvaslarar. Det er utført feiing av piper.

**Transportar**
Det er transportert gass, ved og utstyr til hyttene samt utført renovasjonsarbeid. Til Raudåni er det transportert mateterialer.

# Tjenestekjøp 2012 — Ullensvang

## Kostnader

### 1a. Refusjonsberettiga arbeid

| | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | | | | |
| | Småviltjakt: | | | | |
| * | Villreinjakt: | 20,0 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 21 | **612 +mva** | **41,0** | **31365** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | | | | |
| | Transportoppdrag: | 47,5 | | | |
| | Tilsyn-hytter: | 22,75 | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | 20 | | | |
| | Renovasjonsarb.: | 2 | | | |
| | Synfaring og anna: | 48,5 | **612+mva** | **140,75** | **107674** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | 28,25 | | | |
| | Saksbehandling: | 128,5 | | | |
| | Planarbeid: | 5,5 | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 212,75 | **445+mva** | **375,0** | **208594** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | 1,5 | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 32,25 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | 5 | **445+mva** | **38,75** | **21555** |
| | **Andre kostnader:** | | | | |
| | | | **SUM** | | **369187** |

### 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **38,5** | **21415,6** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **181,8** | **452,3** | **390603** |

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **35** | **19469** |
| | Totalkostnad Kr | | **410072** |

## Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **184593,5** |
| | Fjellstyret, 50% | **184593,5** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | Fjellstyret, 100% | **21415,6** |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | **19469** |

| | |
|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | **410072** |
| **Kostnad for fjellstyret** **Kr** | **225478** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

50% av timane til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er med i timegrunnlaget.

## Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 187 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret.

Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.




**Oppsyns- og informasjonsarbeid**

Det er utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste for heile vidda fyrst på Haukeliseter og sidan på Tinnhølen tre dagar i veka til saman 6 veker sommarstid.

**Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på Belebu og Bjødnavassbu. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingsapparat og brannvaslarar

**Sekretariat**

Sekretærarbeidet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er utført av Trine Hilstad.

# Tjenestekjøp 2012 Odda

## Kostnader

### 1a. Refusjonsberettiga arbeid

| | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | | | | |
| | Småviltjakt: | | | | |
| * | Villreinjakt: | 10 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 10 | **612 +mva** | **20,0** | **15300** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | | | | |
| | Transportoppdrag: | | | | |
| | Tilsyn-hytter: | 8,75 | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | | | | |
| | Renovasjonsarb.: | | | | |
| | Synfaring: | 10,5 | **612+mva** | **19,25** | **14726** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | 6,75 | | | |
| | Saksbehandling: | 41,0 | | | |
| | Planarbeid: | | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 85,25 | **445+mva** | **133,0** | **73981** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | 9,25 | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 5 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | | **445+mva** | **14,25** | **7927** |
| | **Andre kostnader:** | 187 | | | |
| | | | **SUM** | | **111934** |

### 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **0,0** | **0** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **39,5** | **147,25** | **111934** |

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **0** | **0** |

| | |
|---|---|
| Totalkostnad Kr | **111934** |

## Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **55967,0** |
| | Fjellstyret 50% | **55967,0** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | Fjellstyret, 100% | |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | |

| | | |
|---|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | | **111934,0** |
| **Kostnad for fjellstyret** | **Kr** | **55967,0** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

50% av timane til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er med i timegrunnlaget.

## Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 966 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre.

Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.




### Sekretariat

Sekretæarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Ordinært tilsyn er utført og det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingsapparat og brannvaslarar.

### Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehyttene sommar og vinterstid.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i Geitvassdalen m.m. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar. Det vart helde oppsyn med jaktforbod på rype på Skausjøtunga. Fjelloppsynet hadde samordna informasjonstjeneste for alle fjellstyra i juli og augst. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen og Haukeliseter.

# Tjenestekjøp 2012

**Øvre Numedal**

# Kostnader

| 1a. Refusjonsberettiga arbeid | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|
| **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| Fiske: | | | | |
| Småviltjakt: | 1 | | | |
| * Villreinjakt: | 15,5 | | | |
| ** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 17 | **612 +mva** | **33,5** | **25627,5** |
| **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| Fiskekulturarbeid: | 2 | | | |
| Transportoppdrag: | 54 | | | |
| Tilsyn-hytter: | 40 | | | |
| Reperasjon/vedlikehald av hytter: | 24 | | | |
| Renovasjonsarb.: | 13 | | | |
| Synfaring og anna: | 13 | **612+mva** | **146,0** | **111690,0** |
| **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| Møter: | 93 | | | |
| Saksbehandling: | 134,0 | | | |
| Planarbeid: | 151 | | | |
| Anna kontorarbeid: | 83 | **445+mva** | **461,0** | **256431,3** |
| **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| Planlegging m.v. | | | | |
| * Kurs, oppsynssamling før jakta : | 8 | | | |
| Infomateriell m.v.: | 2 | **445+mva** | **10,0** | **5562,5** |
| **Andre kostnader:** | | | | |
| | | **SUM** | | **399311** |

## 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **247,5** | **137672** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **179,5** | **718,5** | **536983** |

| 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **68** | **37825** |
| | Totalkostnad Kr | | **574808** |

# Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **199656** |
| | Fjellstyret, 50% | **199656** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | | |
| | Fjellstyret, 100% | **137672** |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | **37825** |

| | |
|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | **574808** |
| **Kostnad for fjellstyret Kr** | **375153** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført  157 timeverk for Rauland fjellstyre.

Figur 7.  Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.




**Sekretariat**

Sekretæarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

**Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.  Det er gjort rutinemessig ettersyn av brannverntilhøva.  Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingsapparat og brannvaslarar.

# Tjenestekjøp 2012 **Rauland**

## Kostnader

### 1a. Refusjonsberettiga arbeid

| | | Timeverk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | **OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:** | | | | |
| | Fiske: | | | | |
| | Småviltjakt: | 20 | | | |
| * | Villreinjakt: | 2,5 | | | |
| ** | Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter | 3 | **612 +mva** | **25,5** | **19507,5** |
| | **SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:** | | | | |
| | Fiskekulturarbeid: | | | | |
| | Transportoppdrag: | | | | |
| | Tilsyn-hytter: | 6 | | | |
| | Reperasjon/vedlikehald av hytter: | | | | |
| | Renovasjonsarb.: | | | | |
| | Synfaring og anna: | | **612+mva** | **6,0** | **4590,0** |
| | **FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:** | | | | |
| | Møter: | 18,5 | | | |
| | Saksbehandling: | 43,0 | | | |
| | Planarbeid: | 4 | | | |
| | Anna kontorarbeid: | 4,5 | **445+mva** | **70,0** | **38920,0** |
| | **ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:** | | | | |
| | Planlegging m.v. | 5 | | | |
| * | Kurs, oppsynssamling før jakta : | 1,5 | | | |
| | Infomateriell m.v.: | | **445+mva** | **6,5** | **3614,0** |
| | **Andre kostnader:** | | | | |
| | | | **SUM** | | **66631,50** |

### 1 b.Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonmiddel

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Anna kontorarbeid: | 445+mva | **46,0** | **25587,5** |

| | T. v. feltarbeid | T.v. kontor | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| **Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)** | **31,5** | **122,5** | **92219** |

### 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

| | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|---|---|---|---|
| Sal av jakt og fiskekort m.m: | 445+mva | **3** | **1390,6** |
| | Totalkostnad Kr | | **93610** |

## Finansiering

| | | |
|---|---|---|
| **1a. Refusjonsberettiga arbeid:** | Refusjon frå Statskog, 50% | **33315** |
| | Fjellstyret, 50% | **33315** |
| **1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:** | | |
| | Fjellstyret, 100% | **25588,5** |
| **2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:** | Fjellstyret, 100% | **1391** |

| | | |
|---|---|---|
| Totalfinansiering, inklusive refusjon | | **93610** |
| **Kostnad for fjellstyret** | **Kr** | **60295** |

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 76.500,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

## Vedlegg 2. Arbeid for medlemer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Det er helde oppsyn med private fiskerettar i Skaupsjøen i Nore og Uvdal kommune.

## Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

| Tema | Timeverk |
|---|---|
| Motorferdselkontrollar | 127,5 |
| Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7 | 90 |
| Registrering av kulturminner | 22 |
| Registrering av fjellrevhi | 25,5 |
| Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev | 61 |
| Oppsyn med sårbar fauna (hekkelokalitetar m.m.) | 84,5 |
| Registreringar under villreinkalving | 19,5 |
| Uttransport av båtvrak og anna søppel. | 124 |
| Rovviltkontaktarbeid | 103 |
| Redningstjeneste-feltundervisning | 20 |
| Redningstjeneste | 15,5 |
| Arbeid med infotavler og verneskilt | 145,5 |
| Garnfiske, regisrering av bifangst og fisketrykk | 17 |
| Informasjonsarbeid/diverse | 23 |
| Tilsyns sambandsrepeater | 9,5 |
| Skjøtsel i naturreservat | 32,5 |
| Dykkandregistrering | 30 |
| Oppsyn under villreinjakta | 1085,5 |
| Kontorarbeid rovviltkontaktar | 18 |
| Anna kontorarbeid | 219,5 |
| **SUM** | **2273** |